

# Prop. 32 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2012 under Fiskeri- og kystdepartementet

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet 16. november 2012,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Om endringar i statsbudsjettet for 2012 under Fiskeri- og kystdepartementet

#### Kap. 1020 Havforskingsinstituttet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

For å dekkje erstatningsutbetaling til kreditorfellesskapet etter konkursen i Nærøysund AS, foreslår Fiskeri- og kystdepartementet å redusere løvinga på kap. 1020, post 01 med 10 mill. kroner.

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Ein del av dei kontraktfesta prosjektinntektene til Havforskingsinstituttet blir innbetalte etterskotsvis, slik at noko av inntektene knytt til prosjektutgifter i budsjettåret blir innbetalte året etter. Det kan derfor bli for lite kontante inntekter til å dekkje meir utgifter i oppdragsverksemda i 2012. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor at det blir gitt fullmakt til å overskride løvinga på kap. 1020 post 21 med eit beløp som tilsvrar kontraktfesta innbetalinger som vil skje i 2013, jf. forslag til romartalsvedtak.

##### *Post 70 (ny) Erstatningsutbetaling*

Det er inngått eit forlik som inneber at Staten v/Fiskeri- og kystdepartementet skal betale ei erstatning til kreditorfellesskapet etter konkursen i Nærøysund AS. Avtalt utbetaling i 2012 er 10 mill. kroner. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor at det blir gitt ei løyving på 10 mill. kroner på kap. 1020, post 70 i 2012.

#### Kap. 1021 Drift av forskingsfartøy

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Ein del av dei kontraktfesta prosjektinntektene til Havforskingsinstituttet blir innbetalte etterskotsvis, slik at noko av inntektene knytt til prosjektutgifter i budsjettåret blir innbetalte året etter. Det kan derfor bli for lite kontante inntekter til å dekkje meir utgifter i oppdragsverksemda i 2012. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor at det blir gitt fullmakt til å overskride løvinga på kap. 1021 post 21 med eit beløp som tilsvrar kontraktfesta innbetalinger som vil skje i 2013, jf. forslag til romartalsvedtak.

## **Kap. 1022 Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning**

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Ein del av dei kontraktfesta prosjektinntektene til Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning blir innbetalt etterskotsvis, slik at noko av inntektene knytt til prosjektutgifter i budsjettåret blir innbetalt året etter. Det kan derfor bli for lite kontante inntekter til å dekkje meirutgifter i oppdragsverksemda i 2012. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor at det blir gitt fullmakt til å overskride løvinga på kap. 1022, post 21 med eit beløp som tilsvarar kontraktfesta innbetalingar som vil skje i 2013, jf. forslag til romartalsvedtak.

## **Kap. 1050 Diverse fiskeriformål**

### *Post 72 Tilskot til tryggleiksopplæring for fiskarar*

Delar av tilskotet til tryggleiksopplæring for fiskarar blir utbetalt etter at rekneskapen ligg føre. For å kunne overføre den delen av tilskotet som ikkje blir utbetalt i 2012 til 2013, foreslår Fiskeri- og kystdepartementet at kap. 1050, post 72 får tilføya stikkordet "kan overførast".

## **Kap. 1070 Samfunnet Jan Mayen og Loran-C**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Det er berekna eit mindreforbruk knytt til systemkostnader for Loran-C i 2012. For å kunne overføre heile mindreforbruket på posten til 2013, foreslår Fiskeri- og kystdepartementet at kap. 1070, post 01 får tilføya stikkordet "kan overførast".

## **Kap. 2540 Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn**

### *Post 70 Tilskot*

Frå 1. juli 2011 vart arbeidsløysetrygd for fiskarar lagt om til å vere inntektsbasert, på same måte som alminneleg a-trygd etter folketrygdlova. Den nye ordninga har medført høgare utbetalingar enn det som er lagt til grunn i Prop. 1 S (2011–2012). Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor at løvinga på kap. 2540, post 70 blir auka med 18,2 mill. kroner.

Ordninga med A-trygd blir finansiert innafor beløpet som fiskarane betalar i produktavgift ved førstehandsomsetning av fisk og fiskevarar.

## **Kap. 5575 Sektoravgifter under Fiskeri- og kystdepartementet**

### *Post 74 Sektoravgifter Kystverket*

Som følgje av lønnskompensasjon på kap. 1062, post 01 på gebyrfinansierte område må kap. 5575, post 74 aukast med 13,1 mill. kroner.

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår derfor å auke kap. 5575, post 74 med 13,1 mill. kroner i 2012.

Fiskeri- og kystdepartementet

til rår:

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2012 under Fiskeri- og kystdepartementet.

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2012 under Fiskeri- og kystdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

**Forslag****til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2012 under  
Fiskeri- og kystdepartementet****I**

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgjande endringar:

## Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
1020		Havforskingsinstituttet	
	1	Driftsutgifter, blir redusert .....	10 000 000
		frå 355 623 000 til 345 623 000	
	70 (ny)	Erstatningsutbetalingar .....	10 000 000
2540		Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir auka .....	18 200 000
		frå 43 800 000 til 62 000 000	

## Inntekter:

Kap	Post	Formål	Kroner
5575		Sektoravgifter under Fiskeri- og kystdepartementet	
	74	Sektoravgifter Kystverket, blir auka .....	13 134 000
		frå 774 025 000 til 787 159 000	

**II****Tilføyning av stikkord**

Stortinget samtykkjer i at stikkordet "kan overførast" blir tilføya under kap. 1050 Diverse fiskeriformål, post 72 Tilskot til tryggleiksopplæring for fiskarar og kap. 1070 Samfunnet Jan Mayen og Loran-C, post 01 Driftsutgifter, i statsbudsjettet for 2012.

**III****Fullmakt til overskridning mot etterfølgjande inntekter**

Stortinget samtykker i at Fiskeri- og kystdepartementet i 2012 kan overskride løyvinga under kap. 1020, post 21, kap. 1021, post 21 og kap. 1022, post 21 i samband med gjennomføringa av bestemte oppdragsprosjekt, mot tilsvarende kontraktfesta innbetalingar til desse prosjekta i 2013 under høvesvis kap. 4020, post 03, kap. 4021, post 01 og kap. 4022, post 01. Ved berekning av beløp som kan overførast til 2013 under dei nemnte utgiftsløyvingane, skal det reknast med alle ubrukte meirinntekter og mindreinntekter, samt eventuell inndekning av tidlegare års overskridning på posten.



Nytt Nøgne Ø  
Trykk A/S O, Fredr Arnesen. November 2012

241491